



Arkivnr: 2014/560-429

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvale	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		03.06.2019

### Samanslåingsprosess og fullmakter

#### Samandrag

Det startar no ein prosess kring samanslåinga med Ungdommens fylkesutval Hordaland (UFI) og Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane (UPU). Prosessen vil først og fremst måtte styrast etter reglane slik dei kjem fram av ny kommunelov og forskrift knytt til denne. Slik reglane i ny kommunelov ligg føre, så inneber det at samanslåinga må skje før utgangen av 2019, sjå ny kml. § 7-1. Forskrifta til reglane om medverknadsorgana er ikkje klår, men av omsyn til tidsaspekt er det naudsynt å starte planlegginga av denne hendinga.

Skal det vere realistisk å få til ei samanslåing før utgangen av 2019 er det ein føresetnad at Vestland fylkesting er oppretta ettersom det er dei som «skal» velje ungdomsråd etter ny kommunelov. Vestland fylkesting konstituerer seg 15.-16. oktober, og vil ha eit fylkesting til i løpet av desember 2019. Det er difor i tidsrommet mellom dei to fylkestinga at det Vestland fylkesting sitt medverknadsorgan for ungdom må opprettast.

Tradisjonelt har Ungdommens fylkesutval arrangert ei Nettverkssamling i november kvart år. Slik situasjonen er no, så vil dette arrangementet ikkje kunne haldast i år. Det vil i staden bli arrangert eit Fylkesting for Ungdom i Vestland kor samanslåing av UFI og UPU vil finne stad og kor desse to samtidig leggast ned. Det e er difor trong til å reservere hotell for eit slik arrangement og samstundes starte ein dialog med Sogn og Fjordane.

På denne bakgrunn vil administrasjon be Ungdommens fylkesutval om fullmakt til å sette opp ein plan for hausten samt initiere samarbeid med Ungdomspolitisk utval og deira administrasjon. Administrasjon vil tilrå at leiar og nestleiar i UFI blir med i denne planlegginga.

Ungdommens fylkesutval vil få ein detaljert plan framlagt i første møte etter sumaren.

#### Forslag til vedtak

Administrasjon får fullmakt til å sette opp ein plan for hausten samt initiere samarbeid med Ungdomspolitisk utval og deira administrasjon. Leiar og nestleiar i UFI samarbeider tett med administrasjon i denne perioden.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*